



saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
11.01.2022	3122/2022	Torunn Hopen

Saksnr	Utval	Møtedato
	Samferdselsutvalet	02.02.2022

Søknad om fråvik - Kryss mellom fv 64 Nordsidevegen og Skorgevegen i Rauma kommune

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Samferdselsutvalet godkjenner fråvikssøknadane for ombygging av krysset mellom fylkesveg 64 Nordsidevegen og Skorgevegen under føresetnad at dei avbøtande tiltaka vert gjennomført.

Bakgrunn

I sak SA-86/21 vedtok samferdselsutvalet å delegere behandlinga av kurante fråvikssaker til fylkeskommunedirektøren. Sjølv om fråviksgruppa med nokre atterhald går inn for å godkjenne desse søknadane, så meiner fylkeskommunedirektøren at denne saken er så kompleks at det er rett at denne saka vert behandla i samferdselsutvalet.

Bo Grenda Skorgedalen AS planlegg for utbygging 42 nye hyttetomter ved Prestsetra hyttefelt i Skorgedalen i Rauma kommune. I samband med oppstart av reguleringsplanarbeid, har Møre og Romsdal fylkeskommune satt rekkefølgekrev om at eksisterande kryss mellom fv. 64 Nordsidevegen og Skorgevegen må utbetrast før feltet kan bli bygd ut. Trafikkforholda i krysset er krevjande, sjølv om det ikkje er registrert trafikkulykker med personskade. Fylkeskommunen har registrert at kommune og trafikantar meiner dagens kryss kan vere utfordrande, og at det er eit ønske om ei meir trafiksikker løysing.

På bakgrunn av fylkeskommunen sitt krav har utbyggar engasjert konsulent for å planlegge utbetring/flytting av krysset. Konsulenten har også utarbeidd eit notat der veg- og trafikkforholda er nærmare omtalt.

Det er sett på ulike alternativ for utbetring/flytting av krysset, men den einaste løysinga som er mogleg å gjennomføre for utbyggar med tanke på økonomi er ein liten omlegging/justering av dagens kryss. Det er kostbart terreng å bygge i, og ein av dei vurderte traseane er også uaktuell pga. eigedomsforholda.

Den aktuelle kryssløysinga går ut på å flytte krysset ca. 15-20 meter austover frå dagens plassering. Løysinga vil ikkje oppfylle alle krava i vegnormalane.

Det vert derfor søkt om fråvik for 4 forhold:

1. Kravet til to ganger stoppsikt mellom tunnel og forkøyrregulert kryss
2. Kravet til trafikkøy i sekundærvegen (sidevegen)
3. Kravet til minimum horisontalkurveradius på primærvegen i eit kryssområde
4. Kravet til frisikt i krysset

Vurdering

Fylkeskommunedirektøren meiner dei to første forholda i lista ovanfor er greie å fråvike, og dette er det argumentert for i vedlagte fråvikssaker. Når det gjeld dei to siste, så meiner fylkeskommunedirektøren at det ikkje bør gis fråvik utan at det i tillegg blir satt krav om risikoreduserande tiltak.

Det er uheldig at ein ikkje greier å oppnå frisiktkravet i eit kryss. Kombinasjonen med at krysset ligg i ei krapp innerkurve gjer forholda her ekstra utfordrande.

Den er mest kritisk når ein kjem frå Skorgevegen og skal inn på fylkesvegen i retning Åndalsnes. Sjølv om krysset blir flytta nokre meter mot aust, og ein får ein litt betre situasjon enn i dag, så meiner fylkeskommunedirektøren at dette aleine ikkje er godt nok til å kunne tilrå å godkjenne fråviket.

Fylkeskommunedirektøren meiner det bør bli innført svingeforbod mot venstre i krysset når ein kjem frå sidevegen, og tilrår at dette blir ein føresetnad for å kunne godkjenne fråviket. Køyrande som skal frå Skorgevegen i retning Åndalsnes må då nytte kommunalt vegnett fram til eit meir oversiktleg kryss nærmare Isfjorden.

I tillegg meiner fylkeskommunedirektøren det må på plass forvarsling av krysset 150-250 meter før krysset. Eit slikt skilt vil gjere at ukjende vert gjort merksame på krysset i god tid, slik at dei kan innrette køyringa deretter. Ein tilrår derfor at forvarsling av krysset blir ein føresetnad for å kunne godkjenne fråviket.

Fylkeskommunedirektøren kjenner ikkje til om fartsgrensa har vore vurdert etter at dei nye fartsgrensekriteria trådde i kraft. Reduksjon av fartsgrensa over ein kort strekning vil kunne ha risikoreduserande effekt i kryssområdet. Dette er noko ein må vurdere nærmare. Vi tilrår derfor at gjennomgang av fartsgrensa på strekninga setjast som ein føresetnad for å godkjenne fråviket.

Tilråding

Fylkeskommunedirektøren meiner at flytting av krysset ca. 15-20 meter austover som planlagt, i kombinasjon med dei risikoreduserande tiltaka som nemnt ovanfor, vil gje ei akseptabel trafikktryggleik. Dette gjeld både for å ivareta dagens trafikk og den auka trafikkmengda ei utbygging av dei 42 hyttetomtene vil føre med seg.

På bakgrunn av dette vil fylkeskommunedirektøren tilrå at søknadane blir godkjent, under føresetnad av at krysset flyttast som vist på planskisse, og at det blir:

- etablert forvarsling (skilt) før krysset
- innført forbod mot venstresving frå sidevegen
- søkt om redusert fartsgrense forbi kryssområdet

Ottar Brage Guttelvik
fylkeskommunedirektør


Arild Fuglseth
samferdselsdirektør

Vedlegg


- 1 Fravikssøknad - Avstand fra kryss til tunnel
- 2 Fravikssøknad - Trafikkøy i sekundærveg
- 3 Fravikssøknad - Kryss i kurve
- 4 Fravikssøknad - frisikt i kryss
- 5 Notat veg og trafikk
- 6 Planskisse

Samrøystes vedtak i Samferdselsutvalet - 02.02.2022

Samferdselsutvalet godkjenner fråvikssøknadane for ombygging av krysset mellom fylkesveg 64 Nordsidevegen og Skorgevegen under føresetnad at dei avbøtande tiltaka vert gjennomført.



PROFIL NR.	0+00	25	50	75	100	125	150	175	200	225	250	275	300	325	350	375							
HOR.KURV.	R=∞	R=15	R=∞	R=∞	R=-241.046	R=∞	R=∞	R=∞	R=∞	R=∞	R=∞	R=∞	R=∞	R=∞	R=∞	R=∞							
BREDEDETV.																							
TVERRFALL																							
H.kj.b.k.	0%	3.0%	3.0%	3.0%	3.0%																		
V.kj.b.k.																							
PROFIL H.	23.6	23.42	23.33	23.30	23.36	23.50	23.72	24.03	24.38	24.74	25.10	25.46	25.82	26.18	26.54	26.89	27.25	27.61	27.97	28.32	28.68	28.88	
TERRENG H.	23.57	24.51	25.49	26.09	26.46	26.76	27.03	27.31	27.58	27.84	28.00	28.16	28.32	28.48	28.64	28.80	28.96	29.12	29.28	29.44	29.60	29.76	29.92
OVERBYGN.T.					4.9CM																		



S-02	Justert sikt	30.11.21	MH	HM
S-01	Første utkast	01.11.21	MH	HM
Rev.	Tekst		Rev dato	Tege

Prosjekt	Kryssløsning Skorgedalen	Oppdragsgiver	Bo Grenda Skorgedalen AS
Prosjekt fase	Skisseprosjekt		
Dato	28.09.21	Oppdragsnr	685005-01
Utløst av	MH	Kontrollert av	HM
Godkjent av	HM	Godkjent av	HM
Prosjekt	UTM32	Heysderreferanse	NN2000
Målestokk	1:500/1:100	Format	A1

Plan og profil
Alternativ løsning

Tegningsnummer
T C 003

Revisjon
S-02

Fag Type Løper